



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



HUGS VINTERTID! Natt til **sundag 26. okt 2025, kl 03.00**,
blir stilt klokka ein time tilbake til kl. 02.00 frå sommartid til vintertid



TV-AKSJONEN 2025 - AKSJONSDAG SUNDAG 19.10

LES MEIR - S. 10 <<<

BUA Bygland har no fått inn ein niseter. Bilen skal hovudsakleg verte lånt ut til lag og foreningar som har behov for bil.

VAKSINASJON HAUSTEN 2025



MERKETIDER OKTOBER 2025:

- Oppstart familiebadning på symjehallen i Bygland 07.10. Badedagar TYS og FRE kl. 17-20.
- Verdensdag for psykisk helse fredag 10.10.
- TV-aksjonen 2025, bøsseberarar går rundt i kommunen sundag 19.10.

>>> LES MEIR - S. 4 OG 11

Bygland stiller opp til TV-aksjonen både med Lommelykttur på Byglandsfjord 16/10 og bøsseaksjon 19/10 (sjå s.11 og s.4)

BUA BILEN PÅ Plass I BYGLAND

>>> LES MEIR - S. 7

Vaksinasjonsprogrammet for vaksne som er tilrådd å ta influensa-, korona- og/eller pneumokokkvaksine i veke 43



ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM

Kjære alle saman!

Det er mykje å vere takksam for. Reint vatn, trygt hus, mat i kjøleskapet, fridagar, sjukeløn, haustfargar, demokrati, berre for å nemne noko av det.

Verda rundt oss er uroleg, og nyheiter frå til dømes Gaza gjer vondt å sjå og høyre.

Innimellom kan ein jo kjenne på at diskusjonar om Langeidsverd og Pakkbua blir temmeleg uvesentlege i det store biletet. Eg er i den samanheng stolt av at Bygland har teke imot mange ukrainarar dei siste åra, svært mange i forhold til folketalet.

Langeidsverd og Pakkbua handlar om prioriteringar, og vi vil bli meir utfordra i tida framover enn vi har vore på ei stund. Dei høge inntektene vi har hatt vil ikkje vere på det same nivået i åra framover. Vi må prioritere!

Etterslepet på vedlikehald av kommunale vegar er truleg på langt over 70 millionar. Det er også store etterslep på naudsynt vedlikehald på bygga vi eig. Samstundes er målet å oppretthalde dei gode tenestene innafor til dømes helse og oppvekst. Det blir ein spanande budsjettprosess no fram mot jol.

Omstillingsprosjektet Bygg Bygland lagar i desse tider handlingsplanen for 2026. Å etablere fleire arbeidsplassar, trygge eksisterande arbeidsplassar, auka bulyst, bustadar og attraktivitet og få til ein varig utviklingskultur er hovudmåla med omstillingsarbeidet. Det er god driv i Bygg Bygland.

Ei gladsak slik sett frå Bygg Bygland er saka om Landeskogen Kunstsanatorium. Det er imponerende å sjå slikt engasjement, kunnskapsnivå og drivkraft som vi ser hjå Knut Kjetil Oftedal. Ein blir inspirert, og får trua på at det er mogleg.

Skal vi få til ei varig positiv utvikling treng vi heile laget. Næringslivet, frivilligheita, kommunen og innbyggjarar, born, unge, vaksne, eldre.

Vi har mange gode folk som engasjerer seg og brenn for ei god framtid i kommunen vår, eg har trua!

Mvh Runar Granheim

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 74

- **Ansvarleg redaktør:** Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt
- **Bilete:** Framside: Hamren/Frank Egil Reise; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, S. Hegenscheidt, Olav Grendstad; Kva skjer: Hauststemning/Bygland kommune
- **Arkiv:** bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt november 2025: 31.10.2025, skrivefrist 28.10.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt



OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025

Vi har eit godt utval av tidsskrift, lydbøker og filmar for alle, og vi har fleire bøker enn du nokon gong vil klare å lese! Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland gard & ætt.

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30



BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30





POLITISKE MØTE - OKTOBER 2025



- Plan-, miljø- og ressursutvalet: 07.10. kl. 09.00
- Levekårsutvalet: 08.10. kl. 09.00
- Formannskapsmøte: 09.10. kl. 09.00
- Kommunestyremøte: 15.10. kl. 09.00



Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Som eit ledd i dette, blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under Politikk og innsyn på heimesida vår:

bygland.kommune.no

VIKINGSENTER I BYGLAND



Vevstol frå yngre jernalderen i vikingutstilling på Bygland

Lislefarmen 2025 på Bygland hadde vikingane som tema. Bygland husflidslag og Kunsthistorisk museum i Oslo inviterte til fleire vikingaktiviteter i årestoga til Bygland museum den dagen. Hovudattraksjonen var ein gamal vevstol frå yngre jernalderen (fra 550 evt. til cirka 1050 evt) som blei brukt heilt fram til vikingalderen. Joel Hermansen frå Vestfold museum og Kari Helland frå Kari Mathistoriske Teneste sette opp vevstolen slik at gjestene på Lislefarmen kunne sette seg inn i gamal vevkunst. Etterpå flytta Joel og Kari vevstolen til vikingutstillinga i Bygland bibliotek, der ein kan sjå den når biblioteket held open (sjå s. 3).

TV-AKSJONEN 2025 - AKSJONSDAG 19.10



Årets TV-aksjon er søndag 19. oktober. Har du lyst til å vere bøsseberar i Bygland den dagen?

På biletet ser du Nyangoma 9 år sammen med mora hennar Sophia. Dattera blei født med lite hode, dei skjønnte ikkje først kva som var galt. Da dattera var 3 mnd, såg dei at kroppen endra seg. Beina var ikkje som dei skulle, armane var stive etc. Dei såg at ho hadde ein funksjonsnedsetting. Slike funksjonshemmingar kan hindre henne i å gå på skule og å delta i fritidsaktivitetar.

Årets TV-aksjon gjeng til Atlas-alliansen som skal hjelpe funksjonshemma i krig og fattigdom. Saman skal vi gi nødhjelp, utdanning og moglegheita til eit betre liv. Me treng fleire bøsseberarar både i nord, sør og i midten av kommunen.

Kan du vere med å bidra?

Meld deg gjerne her: <https://registrering.tvaksjonen.no/ta?bossebarer=true>

Om du ikkje vil gjere det digitalt kan du kontakte dagleg leiar på Frivilligsentralen **Anne Fauske** på 945 10 770.

I samband med TV-Aksjonen inviterer Byglandsfjord skule til Lommelykttur 2025 (s. 11)



NYE MEDARBEIDARAR I BYGLAND KOMMUNE

Bygland kommune har tilsett tre nye medarbeidare i sentrale stillingar.

Bygland kommune gleder seg til å ønske velkomen tre nye fagkundige medarbeidare i kommunalområde Oppvekt og kultur, i kommunalområde Organisasjon og HR, og i kommunalområde Helse og Omsorg, avdeling Open omsorg.



Marit Jaabæk Brokke

NY KOMMUNALSJEF FOR OPPVEKST OG KULTUR

Marit Jaabæk Brokke, 52 år frå Brokke. Marit har over 25 års erfaring i skuleverket – som lærar, rektor og rådgivar – ho har utvikla eit sterkt engasjement for heilskapeleg tenking og kvalitetsutvikling for god opplæring og gode oppvekstvilkår.

Som rektor i Valle kommune har ho i ti år leia både grunnskule og vaksenopplæring, og vore sentral i utviklinga av profesjonsfellesskapet, digitalisering og tverrfagleg samarbeid.

Marit Brokke har erfaring med strategisk leiing, personalansvar, økonomistyring og utviklingsarbeid, og har mellom anna leia arbeidet med "Heilskapeleg plan for oppvekst" i Valle kommune.

I vaksen alder gjennomførte ho ein mastergrad i leiing med spesialisering i skuleleiing, og har seinare supplert med vidareutdanning innan leiing av profesjonsfellesskap og digitalisering.



Jahn-Tore Fjeldstad

NY KOMMUNALSJEF FOR ORGANISASJON OG HR

Jahn-Tore Fjeldstad, 49 år opprinneleg frå Tromsø, bosatt no i Kristiansand. Kjem fra stillinga som NAV-ombud i AGDER. Jahn-Tore har erfaring frå stillingar som HR-rådgjevar i Risør kommune, Agder politi distrikt, Sørlandet sykehus og Tromsø kommune. Fjeldstad har opparbeida brei erfaring med leiarstøtte, rekruttering, sjukefråværsoppfølging og håndtering av komplekse personalsaker, i tillegg til omstillingsprosesser, blant annet i Risør kommune.

I tillegg har han erfaring frå prosjekt- og systemarbeid. Fjeldstad har cand.polit.-grad i statsvitenskap med spesialisering i organisasjonsteori, og tilleggsfag innan arbeidsrett, prosjektstyring og rekruttering.



Kristina Ose

NY AVDELINGSLEIAR OPEN OMSORG

Kristina Ose, 45 år frå Byglandsfjord. Kjem frå stilling som resepsjonssjef på Hotell Revsnes, før det var hun avdelingsleiar i 2 år i Bygland kommune, både vikariat og fast. Ose er utdannet sjukepleier og barne- og ungdomsarbeider



HELSE OG OMSORG

Eldreuka 2025

Frå 29. september til 3. oktober blir Eldreuka arrangert med korte og engasjerande webinar fulle av inspirasjon, tips og råd for ein aktiv og inkluderande kvardag for seniorar.

Tema går frå digital tryggleik og hjernehele til arbeidsliv og frivilligheit – alle med mål om å styrkje livskvaliteten til eldre gjennom deltaking og inkludering.

Eldreuka er ei nasjonal markering og ein del av **Program for eit aldersvennleg Noreg 2030** og «Bu trygt heime»-reforma. Målet er å inspirere fleire til å markere **FN-dagen for eldre 1. oktober**.

Arrangørar kan vere kommunar, frivilligsentralar, seniorsenter og andre som ønskjer å gje seniorar ei felles oppleving. 🌟 Meir informasjon og påmelding:

Eldreuka 2025 – Aldersvennleg
<https://www.aldersvennlig.no/hva-skjer/eldreuka-2025>



REVSNES HOTELL

INTERNASJONALE ELDREDAGEN



13.00 INTRO OG MINGLING
 1400 TOR HELGE SCHJØLL-UNNGÅ OG BIL LURT
 1515 KOMPE
 1630 KONSERT-
 ROCK AROUND THE CLOCK

1 OKTOBER
KL 1300

GRATIS MOT PÅMELDING INNEN
 22 SEPTEMBER TIL:
 PER 95 86 82 60
 KENNETH 90 22 55 03

DEN INTERNASJONALE DAGEN MARKERES
 MED SPENNENDE FOREDRAG, KOMPE AV HØYESTE
 KVALITET OG MUSIKK DET SVINGER AV.

Oktober aktivitet Program på Byglandsheimen

Dag	Dato	Klokke	Aktivitet
Onsdag	1/10	13:00	Internasjonale Eldredagen på Revsnes
Torsdag	2/10	14:00	Besøksvenn – Dialektord/ordtak og Quiz
Tysdag	7/10	09:00	Frisør
Tysdag	7/10	14:00	Andakt med Tove
Onsdag	8/10	11:00	Open Dag
Måndag	13/10	09:00	Fotpleier
Onsdag	15/10	11:00	Open Dag
Tysdag	21/10	14:00	Andakt med Kristine
Onsdag	22/10	11:00	Open Dag
Onsdag	22/10	14:00	Konsert Oddvar Høgevoll
Onsdag	29/10	11:00	Open dag med Evelyns Magasin

HELSE OG OMSORG



NYE TRYGGLEIKSALARMAR I KOMMUNEN

Bygland kommune har no bytt ut dei gamle trygglesalarmane med nye, moderne 4G-alarmar frå Tellu. Overgangen gir betre dekning, raskare respons og meir påliteleg drift – noko som styrkjer tryggleiken for brukarane våre.

Dei nye alarmane er allereie tekne i bruk, og tilbagemeldingane så langt er svært positive. Vi takkar alle involverte for godt samarbeid i overgangen!

VAKSINASJONSPROGRAMMET FOR VAKSNE: VAKSINASJON HAUSTEN 2025

Evje og Hornnes og Bygland kommunar følgjer råda styresmaktene har til vaksenvaksinasjonsprogram.

Denne hausten kan du som er tilrådd å ta influensa-, korona- og/eller pneumokokkvaksine, ta desse samtidig, om du ønskjer. Det blir vaksinasjon på Evje og på Bygland i veke 43.

Hugs å bestille time i forkant, anten via **[Helsenorge.no](https://helsenorge.no)** eller ved å ringje **vaksinetelefonen** på tlf. 901 17 848, i veke 41 og 42, mån/tys/tor kl. 10-12 og 13-15. På **[nettsida til Evje og Hornnes kommune](https://e-h.kommune.no/)** (<https://e-h.kommune.no/>), får du informasjon om vaksenvaksinasjonsprogrammet:

- Kven blir tilrådd å ta vaksine?
- Slik bestiller du time
- Kvar og når kan du få vaksinane?
- Kva kostar vaksinane?
- Kva er vaksenvaksinasjonsprogrammet?



KOMMUNALE AVGIFTER



Endring i rutinen for vassmålaravlesing

Ny dato for vassmålaravlesing blir rundt 1. desember

Det blir ei endring i rutinen for vassmålaravlesing i år. Det vil bli sendt ut SMS om avlesing av vassmålar rundt 1. desember, ikkje i oktober/november som tidlegare. Dei som ikkje får SMS, vil få avlesingsskjema per post. Det vil kome meir informasjon om årets vassmålaravlesing på eit seinare tidspunkt.



SAMFUNN

OPPDATERING TURSTIPROSJEKT PÅ BYGLANDSFJORD



I dei kommande vekene vil kommunen jobbe aktivt for å realisere prosjektet «Tursti på Byglandsfjord». Prosjektet skal etablere ein opplyst og framkomstvenleg turveg langs fjorden frå Byglandsfjord brannstasjon heilt til brua til Vassendøya.

Langs løypa skal det også leggjast til rette for aktivitets- og møteplassar. Ny saksbehandlar i kommunalområde Samfunn, Vemund Gulbrandsen, vil saman med prosjektleiar frå Prosjekthuset AS, Tone Wikeland, ta kontakt med ulike brukargrupper dei kommande vekene. Målet vårt er at alle som ønskjer det, kan dele idear slik at resultatet blir best mogleg.

Vemund Gulbrandsen, tlf. 90 04 62 36,
e-post: vemund.gulbrandsen@bygland.kommune.no



OPPGRADERING AV PAKKBUA PÅ BYGLANDSFJORD

Kommunen har kome langt på veg med å oppgradere Pakkbua til ein meir attraktiv møteplass.

Etter grundig førearbeid har det blitt gjennomført ein anbodskonkurranse for utføringa av prosjektet. Tilboda som kom inn var vesentleg høgare enn venta, og politikarane vedtok difor å ikkje gå vidare med nokon av tilboda. No arbeider administrasjonen med å leggje til rette for ein rammeavtale der totalkostnaden blir vesentleg lågare.

Dersom kommunen lukkast med å finne ei god løysing, er ønsket at prosjektet skal setjast i gang våren/sommaren 2026.

RIKSANTIKVAREN LYSER UT TILSKOT TIL VERDISKAPING PÅ KULTURMILJØOMRÅDET

Søknadsfrist er 1. november. Midlane kan sjåast i samanheng med Smil- og UKL-ordningane.

Det er vedteke bevaringsstrategiar for landbruket og for kysten. For prosjekt som er knytt til landbruket vil Riksantikvaren mellom anna prioritera tiltak som bidreg til bevaring gjennom bruk av jordbruksbygningar bevaring, skjøtsel og formidling av jordbrukslandskapet, under dette seterlandskapet bevaring, skjøtsel og formidling av utsette arkeologiske kulturminne i jordbrukslandskapet.

Meir informasjon finn du på Riksantikvarens nettside: riksantikvaren.no/tilskudd/





OPPVEKST

BARN OG UNGDOM I BYGLAND MED STERK INNSATS FOR OG I NATUREN



BYGLAND BARNEHAGE OG NATURVERNFORBUNDET I SETESDAL: SØPPELRYDDING PÅ TABGEN, BYGLAND - 16.09.

Tysdag 16. september var **Bygland barnehage** med å plukke søppel langs stranda på Tangen i Bygland, frå bobilcampen i nord til og med ladestasjonen i sør. Borna lærte om kvifor det er viktig å rydde søppel i naturen, og ikkje minst kor viktig det er at me ikkje øydeleggjer heimen til dyra, insektene, fuglane og fiskane.

16 entusiastiske og glade born med 7 vaksne medhjelparar fekk samla saman mykje søppel av ymse slag på eit partimar. Etterpå blei søppla sortert og plassert i rett dunke.

Søppelryddinga vart arrangera av **Naturvernforbundet i Setesdal** med Torhild S. Sangesland som guide.



7. KLASSE: SØPPELRYDDING I BYGLAND SENTRUM 24.09.

7. klassingane på Bygland og Byglandsfjord har plukka søppel i 30 min på Bygland onsdag 24.09. Dei fant MASSE!

Me oppmodar alle til å ta vare på fellesområde me har i Bygland - og alle andre plasser du oppholder deg. Rydd etter deg, er du snill! Ikkje kast plast og anna avfall i naturen.



9. KLASSE: PANTEFLASKEINNSAMLING I BYGLAND 06.10.

Måndag 6. oktober samla **9. klasse ved Bygland** skule inn panteflasker til inntekt til Polenturen våren 2027. - Elevane samla inn og sorterte heile 55 + 1/2 store plastsekker med pantegods. Kvar flaske/boks som ikkje havner i bakken hjelper med å verne naturen vår
Neste innsamling: måndag 05.01. og måndag 13.04.2026



BYGLAND KOMMUNE TAKKER ALLE BORN OG UNGDOM, OG ALLE SOM STØTTA AKSJONSDAGANE FOR EIN KJEMPE DUGNAD SINNSATS FOR NATUREN!!!

RS TRYGG I VANN FOR UNGDOMSSKULEN PÅ BYGLAND 26.09.

Denne tøffe gjengen frå **ungdomsskulen på Bygland** har i regi av **redningsselskapet** gjennomført eit sjølvbergings- og livredningskurs, «RS Trygg i vann», på Tangen ved Byglandsfjorden sist i september. Iført våtdrakter gjennomførte dei øvingar i og ved vatnet som sjølvberging, livredding, sikkerheit i båt, HLR, symje/flyte teknikkar m.m. Redningsselskapet gjennomførte eit heilprofft opplegg som var finansiert av Sparebankstiftelsen Sparebanken sør.

Alle bilete: Bygland oppvekstsenter





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Bygland frivilligsentral og BUA Bygland

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Mandagscafe: måndagar i oddetalsveker (06. og 20.10.)
- KREATIV: kvar onsdag kl. 15.30 - 17.30
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetalsveker kl. 16.00 - 17.30 (07. og 21.10.)
- Strikkecafé: 1 og 3 torsdag i månaden kl. 18.00 (02. og 16.10.)
- Innsats for andre, valfag for 8 klasse: 04.09. Kan tilby praktisk hjelp heime i Byglandsområdet.

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening i Byglandshallen: kvar torsdag kl 13.00 - 14.30
- Teppebowls: torsdagar i oddetalsveker kl. 17.00 (09. og 23.10.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorcenter: annakvar måndag, kl. 11.00 - 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (13. og 27.10.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.30 - 20.30, Nesmoen 3, Bygland

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse; kl. 15.00 -17.45)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs; kl. 18.00 - 21.00)
- Fredagsklubb i Årdalshallen, Byglandsfjord: 5.-7.trinn (kl. 18.00 - 21.00; 1x/månad); **neste 31.10.**

Følg med på Bygland ungdomsklubb si Facebook-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BUA-BILEN

BUA Bygland, Bygland Frivilligsentral og Bygland kommune kan med stor glede melde at me no har fått inn ein nisetar!

Nisetaren er kjøpt inn med midlar som er løyvd i frå Kommuneestyret i Bygland. Bygland kommune hadde i si tid ein buss. Denne vart etter kvart i svært dårleg stand, og ein måtte ha eige køyrekort for å køyre den.



Denne bilen kan køyrast på vanleg sertifikat, og har plass til 8 passasjerar i tillegg til sjåfør. Den har seter som kan slås saman, slik at ein får plass til bagasje ved behov.

Bilen skal hovudsakleg verte lånt ut til lag og foreningar som har behov for bil. Bilen vil også kunne bli brukt av BUA, trivselskoordinator, ungdomsklubben osv.

Lag og foreningar låner bilen gratis. Ein kan også låne privat, men då må ein betale pr kilometer. Bompengar og parkering må ein betale sjølve. Ein må også betale for lading som ikkje gjeng føre seg på BUA.

Bilen verte lånt ut av BUA Bygland.

For å booke bilen kan du gjere følgande:

På dagtid: sende sms eller ring til **dagleg leiar Anne Fauske på 945 10 770.**

På kveldstid: kontakte **vakttelefonen til BUA mellom 16.00-20.00 på 945 02 858.**

Ein vil be om forståing for at det er frivillige som tek i mot telefonar. Dei kan vere på jobb, eller vere oppteke på anna vis. Om du ikkje får svar, send ein sms med kva det gjeld, så svarer dei frivillige når dei kan. Kontaktar du telefonen utanom 16-20 kan det vere at dei ikkje svarer før neste dag i dette tidsrommet.

Du gjer avtale med dagleg leiar eller BUA telefonen om tidspunkt for henting og levering.

Når du låner bilen må du signere på ei brukeravtale som seier noko om kva for ansvar du har i den perioden du nyttar bilen, og kva du må gjere før og når du leverer bilen.

Det er nokre reglar som gjeld for bilen. Blant anna må du vere over 25 år, ha gyldig førarkort klasse B, og 5 års erfaring for å vere sjåfør.

Ein må reingjere bilen før innlevering, og setje den på lading. Det vil kunne kome eigenandel ved forsikringsskadar som følgje av uaktsom bruk.

No håpar me at bilen vert teken i bruk, og skapar mykje glede og gjer kvardagen enklare for mange!



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkje.no og på Facebook

Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



GUDSTENESTE

- **sundag, 05.10. kl. 16.00, Sandnes kyrkje, Åraksbø** - Avskjedsgudsteneste for Kjell Steinbru
- **sundag, 19.10. kl. 11.00 Bygland kyrkje** - Gudstjeneste med konfirmantpresentasjon, tårnagenter og dåp

ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 09. og 23.09. kl. 14.00**

KONFIRMANTUNDERVISNING

- **Oppstart og foreldremøte tysdag, 07.10.**

TV-AKSJONEN 2025 - FAMILIE AKSJONSKVELD 16.10

LOMMELYKTTUR!

Årets lommelykttur rundt Vassend i samband med tv-aksjonen blir **torsdag 16. oktober**.

Start mellom kl. 18:30–19:00

Tv-aksjon i år går til Atlasalliansen og skal opne dører for funksjonshemma som lever i krig og fattigdom. Saman skal vi gje naudhjelp, utdanning og føresetnad til eit betre liv.


Møt opp med hovudlykt eller lommelykt og følg refleksløypa. Undervegs vil det vere ei oppgåve. 5.–7. kl. lagar til Kahoot.

Vi tenner opp bål ved gapahuken. Du må gjerne ta med deg bålmat til kveldsmat.

Vi oppfordrar til å betale kr. 30 pr. person, men du må gjerne bidra med meir. Vipps eller kontant. Dette er ein pakkepris med refleksløype, 1 kakestykke, saft eller kaffi.

Alle er hjarteleg velkomne.

Ta gjerne med naboen, besteforeldre eller andre du kjenner.



Atlas-
alliansen

NRK TV-aksjonen

Med helsing oss på Byglandsfjord skule



»»» TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING – OKTOBER 2025

- **Matavfall og restavfall:** veke 42: torsdag 16.10.
- **Papir og plast:** veke 44: tysdag 28.10.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 44: torsdag 30.10.



GJENVINNINGSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (08.10.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (25.10.)
- **Syrtveit, Evje:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (12.10.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724

KINO PÅ BYGLAND – OKTOBER

BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Kiosk: Framsteg 4H

ONSDAG 8.OKTOBER

KL. 17.30: GREVLINGENE

6 år. 110 kr. Eventyr / Komedie / Familiefilm

KL. 19.30: BLÜCHER

12 år 130 kr. Krigsfilm / Drama / Action




BYGLAND FILMKLUBB PÅ BYGLAND KULTURSCENE

SUNDAG 5.OKTOBER

KL. 19.00: THE ACCOUNTANT (2016)

Aldersgrense: 15 år ; Inngong: 50 kr; Medlemskap kjøpes i døra.



TURISTINFORMASJON

TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland.

Her får du informasjon og turtipps til lokale og turistar, kulturarrangement, is, snacks og kaffe. I tillegg til kafé og turistinformasjon, arrangerer Stoga guida turar på førespurnad over heile kommunen. **Guide/turistvert: Olav Grendstad.**

Ope fredagar og sundagar kl. 13.00-20.00



Arrangement i Stoga kafé oktober 2025:

Tysdag 21.10. kl. 18.30: Foredrag om Midtøsten-konflikten med Odd Karsten Tveit som har dekt Midtøsten si moderne historie og konflikten i regionen i heile si journalistkarriere.



YMSE >>> FOLKEMUSIKK, KOR & KORPS

**Oppstart!!!****Bygland Leikarring!**

Ein leikarring er ei gruppe unge menneske som likar å syngje, danse og eksperimentere med folkemusikk!

Aldersgruppa er forskulen+ (unge sysken er også velkomne om foreldre er med) og me møter opp kvar veke frå 20. okt til 24. nov.

Om barna dine vil vera med men du er redd dei er for unge, kontakt Maija og me kan diskutere :)

Bygland Kulturscene**måndag 20. okt****KL. 16-16.30**

Ved spørsmål, kontakt Maija:
maija.lindaas@valle.kommune.no
938 87 410

BYGLAND HORN MUSIKK OG NOREGS LENGSTE KORPS

KONSERT & BASAR

SUNDAG 12. oktober 2025

Konsert i Sandnes kyrkje kl. 15

Basar i grendehuset i Åraksbø kl. 16



KONSERTEN ER GRATIS - OG BASAREN RETT ETTERPÅ !
VI SERVERER KAFFI & BITET I GRENDEHUSET!

BASARBØKER OG ÅRESAL - FLOTTE GEVINSTAR

Kong Hanes Eftf. (blanda kor)

onsdag kl. 19.00-21.00: Korøving på musikkrommet, Bygland skule

Konsert: laurdag 11.10. kl. 20.00, Hylestad soknehus, Rysstad

**"Kanskje kommer Kongen?"
- om ikkje anna kjem efterfølgerane**

Konsert med Kong Hanes Eftf.

Laurdag 11.10.2025 kl 20:00 - Hylestad soknehus

billetter - kr 250,-

kjøp i døra eller på hoopla.no

Tapas
kl 18-20
Kr 355,-

Bygland Hornmusikk (Noregs lengste korps)

tysdag kl. 18.00 -20.00: musikkøving på
Bygland kulturscene

Konsert og basar: søndag 12.10. :

- konsert kl. 15.00 i Sandnes kyrkje Åraksbø
- basar kl. 16.00 i Åraksbø grendehus

MENYBJOREN BRYGGE
OKTOBER**2. Flesk & duppe****9.Fårikål****16.Snitzel****23. Komper****30.Kjøtt & løksaus**

Husk å tinge,
ved sms eller ringe!

Nina 93262168 ❤️

BJOREN BRYGGE**Presteneset****Bygland****Torsdagsmeny****oktober 2025**

torsdag

kl. 14-19

Tinging hos

Nina, tlf. 93262168



YMSE

BYGLAND HUSFLIDSLAG

Rosa sløyfe-løpet Bygland

Laurdag 18. oktober ønskjer Bygland Husflidslag igjen velkommen til lokalt ildsjel løp på Bygland Meld deg på seinest 10 dager før og få en deltakerpakke som inneholder bag, rosa pannebånd og medalje. Du kan melde deg på etter dette også, da vil deltakerpakken bli sendt direkte heim til deg.

Henting av startnummer frå kl. 12.00, løpstart kl. 13.00. Oppmøte ved Joker. Løype på 3 og 6 km i den fine bygda vår! Du kan gå eller løpe. Ta med deg familie, venner eller kollegaer, dette er gøy å gjøre sammen! Me lover god stemning – det blir musikk, oppvarming, snack og drikke! Kom og bli med på årets viktigste løp.

Påmelding:

www.rosasloyfelopet.no/ildsjel/rosa-sloyfe-lop-bygland/



SETESDAL REGIONRÅD

Setesdalskonferansen 2025

Setesdal på offensiven i ei uroleg tid

Torsdag 23.10. kl. 09.00 og ut dagen, Hovdestøylen, Hovden

Informasjon og program: setesdalskonferansen.no



SETESDALSMUSEET PÅ RYSSTAD

Biletsamling på Rygnestadtunet

Onsdag 15.10. kl. 18.00, i salen på Setesdalsmuseet:

Førstekonservator ved NMF, Maria Bjørkroth gir innblikk i den unike biletsamlinga på Rygnestadloftet.



Open dag på Bygningsvernssenteret i Setesdal

laurdag 18.10. kl. 12.00 - 15.00 , Rysstad industriveg 18, 4748 Rysstad

Setesdal bygningsvernssenter held open dag i laftehallen på Rysstad. Det blir fokus på slåttereiskap med langorv og stutturv, rive og høygaffel. Ta med, og få sett i stand reiskap som står på låven heime. Aktivitet for born med spikking.

NATURVERNFORBUNDET I SETESDAL

Nasjonal vardetenning mot vindkraft

onsdag 08.10. kl. 18.00 -20.00, Tangen, Presteneset, Bygland

Ta med deg kaffe, pølser og godt humør. Som i fjor er det fint om alle deler noen ord om sitt engasjement for naturen og mot vindkraft.



Fuglekassesnekring på Rysstad

Sundag 12.10. kl. 12.00, Rysstad industriveg 18, 4748 Rysstad

Falkeklubben/Fugleforeninga i Setesdal og Naturvernforbundet

Setesdal inviterer alle interesserte barn- og ungdom til

fuglekassesnekring på modellverkstadbygget på industriområdet på Rysstad. Alle får med ei fuglekasse heim! Vi stiller med alt av byggematerialer. Ta med drill! Vi har skruer, bits og bor.





KVA SKJER I BYGLAND

OKTOBER 2025

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
sundag 05.10.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	kl. 19	Film: The Accountant (2016; 15 år)
tysdag 07.10.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
onsdag 08.10.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	kl. 17.30	Film: Grevlingene (6 år)
		kl. 19.30	Film: Blücher (12 år)
torsdag 16.10.	Byglandsfjord skule; Vassend	kl. 18.30	Lommelykttur på Byglandsfjord
laurdag 18.10.	Bygland husflidslag; Joker Bygland	kl. 13.00	Rosa sløyfe-løp Bygland
sundag 19.10.	Bygland frivilligsentraum; i heile kommunen	heile dagen	TV-aksjonen - bøssebærer går rundt
	Bygland kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste med Konfirmantpresentasjon
veke 43	Evje og Bygland legesenter; plass blir annonsert	heile dagen	Vaksinedag (sjå s. 7)
tysdag 21.10.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
fredag 31.10.	i heile Bygland	om kvelden	Halloween



Arrangement i regi av Bygland frivilligsentral (t.d. Bygdemiddag) og Bygland ungdomsklubb: sjå s.10



FAMILIEBADING HAR STARTA OPP ATT!
Symjebassenget og badstoga på Bygland skule
tysdagar og fredagar kl. 17.00 -20.00

